



## Referat frå medlemsmøte

**Tid:** Onsdag 30.09.2020 kl. 11 – 13.30  
**Stad:** Frøyland og Orstad kyrkje  
**Til stades:** 101 medlemmer

### 1. Opning

Lokallagsleiar Martha Jakobsen Ulvund ønskte velkomen. Ho orienterte grundig om tilretteleggingstiltaka vi må gjennomføre på grunn av smittefaren, og om dagens program.

### 2. Føredrag

Førsteamanuensis Eva Jakobsson, historikar ved UiS, heldt føredrag med tittelen «**Prestedatteren og prevensjonen. Hvorfor Elise Ottesen Jensen fra Sandnes ble prevensjonens profet**».

Elise Ottesen-Jensen (1886 - 1973) var journalist, seksualopplysar, agitator og førelesar. Ho engasjerte seg i kvinnesak og kvinnehelse eller, som Eva Jakobsson uttrykte det: «taushetens kultur». Kvinner har ned gjennom hundreåra hatt få og små høve til å skape sine egne liv. Elise Ottesen Jensen brukte livet sitt til å kjempe for kvinner sin fridom og kvinner sine høve til å vere fri. «Taushetens kultur» rådde. Kvinner fekk følgjeleg liten eller ingen kunnskap om eigen kropp, seksualitet eller om korleis dei kunne unngå å få barn.

Elise Ottesen-Jensen vart fødd på Høyland prestegard i Sandnes. Faren, presten Ottesen var ytre sett ein akta embetsmann, men paternalistisk og konservativ i familien. Mora fødte 18 barn. 9 av dei levde opp. Elise var den nest yngste av desse.

Berre ein gong såg ho mora sin kropp, utsliten og øydelagd av graviditetar og barnefødselar. Det gjorde inntrykk.

Elise gjorde opprør og nekta å konfirmere seg.

Da den yngre søstera, Magnhild, vart gravid som 17-åring, var det ei katastrofe i familien. Ho vart send til København, åleine. Der fødte ho eit barn som vart teke frå henne rett etter fødselen. For Magnhild var dette eit traume, ho gav på ein måte opp livet, og døde 44 år gammal.

Elise Ottesen utdanna seg til journalist og arbeidde i fleire venstreradikale aviser. Da ho møtte Albert Jensen, ein svensk fredskjempar og aktivist, flytte dei til København der dei fekk eit barn. Barnet døde to dagar gammalt. Samlivet tok slutt etter mange år da Albert Jensen fann ei yngre kvinne.

I 1919 flytte Elise Ottesen-Jensen til Stockholm der ho budde resten av livet. Ho var venstreradikal, men i høgste grad også feminist. I særleg grad kjempa ho for kvinner sin rett til å forstå og styre over sin eigen seksualitet. Store barneflokkar leier til fattigdom, og ho såg at det mest var arbeidarklassen som sleit med dei store barneflokkane. Overklasse og embetsstand fekk gjennomgåande færre barn. I tillegg tok ho opp stigmatiseringa som ugifte mødrer og deira barn vart utsette for.

I Noreg hadde Katti Anker Møller teke opp same problemområde da ho i 1910 hevda at samfunnet la føringar der «uvidenhet» var synonymt med «den sande kvindelighed»

Etter første verdskrig var Vest-Europa inne i ein trend der 2 – 3-barnsfamilien erstatta dei store barnefamiliane. Fenomenet har ulike forklaringar, m.a. ei forståing av at færre barn gir betre økonomi, at såkalla kjærleiksekteskap fører til at paret i større grad tek omsyn til kvarandre, at ein ser verdien av at kvinner har betre helse når dei gjennomgår færre graviditetar og fødselar.

Kunnskapen om barnebegrensing var avgrensa: Avbrote samleie, lange ammeperiodar og såkalla sikre periodar vart praktisert. I tillegg fantest det, for dei få, tilgang til kondom og pessar.

Elise Ottesen-Jensen hevda at alle tiltak for fødselskontroll er usikre så lenge det er mannen som har kontroll. Pessaret er i følgje Elise Ottesen-Jensen den beste metoden, for det ligg i kvinna si hand.

Sverige hadde ei lov som forbaud all informasjon om prevensjon. Elise Ottesen-Jensen opponerte sterkt mot dette forbodet. Ho var prevensjonsforkjempar, ikkje abortforkjempar. Dei mange, ulovlege abortane medførte skader, infeksjonar og død. Likevel meinte ho at dersom abort var naudsynt, var det kvinna som skulle ta avgjerda, ikkje ei nemnd.

I mange år reiste ho kring i heile Sverige, gav seksualopplysning og hjelpte kvinner med å tilpasse pessar. Ho arbeidde for å avskaffe lova som forbaud prevensjonsopplysning (arbeidet lukkast i 1938 da lova vart oppheva), opne rådgivingsbyrå, innføre seksualopplysning i skulane, (innført i Sverige i 1945, i Noreg i 1964.) og å gjere prevensjonsmidlar tilgjengeleg for alle.

I 1933 tok Elise Ottesen-Jensen initiativet til å danne Riksförbundet för Sexuell Upplysning (RFSU) som ho leidde fram til 1958.

I Sverige er Elise Ottesen-Jensen velkjend, og var, særleg på 60- og 70-talet, eit ideal for mange kvinner, deriblant føredragshaldaren vår, Eva Jakobsson. Internasjonalt hausta ho og tillit og ære. I Noreg er ho mindre kjend, men kvinnegruppa Ottar har teke namnet sitt etter pseudonymet Elise Ottesen-Jensen nytta. Sandnes kommune har eit relieff som i dag ligg lagra, men som ein vonar vil få ei iaugefallande plassering i byen. I tillegg har eit av dei sentrale bygga på universitetscampus i Stavanger fått hennar namn: «Elise Ottesen-Jensens hus.»

Eva Jakobsson avslutta eit inspirerande og lærerikt føredrag med Elise Ottesen-Jensen sin eigen visjon:

*«Jeg drømmer om den dagen da alle barn som settes til verden er velkomne, alle menn og kvinner er likestilte og seksualiteten er et uttrykk for inderlighet, nytelse og ømhet.»*

### **3. Måltid**

På grunn av smitteverntiltak, vart det servert «posemat»: Bagett, blåbærmuffins og kaffi/te.

Vi starta måltidet med å synge «La oss leve for hverandre» akkompagnert av Ingebrigt Bjelland.

### **4. Kulturelt innslag:**

Ingebrigt Bjelland inviterte oss innleiingsvis til Lisabyen i Musikkland, der han gav til beste variasjonar over «Lisa gikk til skolen».

Etterpå leidde han ei allsongøkt der han veksla mellom å gi tonefølgje på piano og trekkspel. Det utdelte songheftet hadde kjende songar: «Ann-Caroline», «Rogalandssangen», «Flicka från Backafall», «Hele uken alene», «Nidelven»,

«Blåkløkker», «En gylden ring», «Hør min sang du klare aftenstjerne» og «Gryta hennar mor». Vi song alle.

## 5. Avslutning

Lokallagsleiar Martha Jakobsen Ulvund orienterte om

- Neste medlemsmøte, onsdag 21. oktober med Magnhild Meltveit Kleppa: «Skjemt og alvor frå eit politisk liv». Kulturelt innslag ved Natrutens venner shantykor.
- Førjulsfesten 9. desember i festsalen i Klepp rådhus med Inge Bruland: «I fotspora til Sigurd Jorsalfar.»
- Avlysing: Den tillyste juleturen til Kristiansand er avlyst på grunn av koronasituasjonen.
- Medlemsmøter våren 2021: LOP Rogaland Sør planlegg å be inn til møter med same frekvens som tidlegare.

Lokallagsleiar takka alle for frammøtet, og gav ei særskild takk til Eva Jakobsson, Ingebrigt Bjelland og, ikkje minst, staben på huset representert ved Geir Ådne Vestvik. Ho avslutta med å ønskje vel heim.

Bjørge Brekke Sørskog  
Ref.

Martha J. Ulvund-leder M 906 56 520 Muningsgate 2C, 4306 Sandnes <a href="mailto:martha.ulvund@outlook.com">martha.ulvund@outlook.com</a>	Bjørge Brekke Sørskog-nestl./kult./ref. M 906 69 184 Skulevegen 17, 4352 Kleppe <a href="mailto:bjorge.brekke.sorskog@kleppnett.no">bjorge.brekke.sorskog@kleppnett.no</a>	Gunnstein Emmerhoff-reiser M 993 25 967 Åsveien 11, 4328 Sandnes <a href="mailto:gunnstein.emmerhoff@lyse.net">gunnstein.emmerhoff@lyse.net</a>	Jytte Birch Emmerhoff -kasserer M 997 14 119 Åsveien 11, 4328 Sandnes <a href="mailto:jytte@lyse.net">jytte@lyse.net</a>
Liv Marie A Ravndal-program M 481 31 496 Gåshaugen 6, 4319 Sandnes <a href="mailto:liv.ravndal@lyse.net">liv.ravndal@lyse.net</a>	Kjell Terje Larsen-reiser/økonomi M 514 10 137, Furustien 12, 4072 Randaberg <a href="mailto:ktlarse@online.no">ktlarse@online.no</a>	Kåre Bærheim-kurs/bedrift M 932 02 846 Tjeldvn.26, 4318 Sandnes <a href="mailto:kare.barheim@lyse.net">kare.barheim@lyse.net</a>	Reidun Bøe Høiland-progr/kurs M 952 08 737 Huldrevegen 9, 4365 Nærbø <a href="mailto:reidun.boe.hoiland@lyse.net">reidun.boe.hoiland@lyse.net</a>
Torbjørge Brakestad – kurs/bedrift M 922 31 117 Sølvspennetunet 56, Stavanger <a href="mailto:torbjorge.brakestad@lyse.net">torbjorge.brakestad@lyse.net</a>	Kjell Arvid Berland-reise/økonomi M 952 61 895 Barliveen 10, 4331 Ålgård <a href="mailto:kjell.arvid.berland@lyse.net">kjell.arvid.berland@lyse.net</a>	Clara Vølstad Ellingsen-kultur M 911 03 152 Gmle Austvollv.5 4312 Sandnes <a href="mailto:clara.v.ellingsen@gmail.com">clara.v.ellingsen@gmail.com</a>	Rannveig Bærheim-LOP Oslo M 481 46 737 Tjeldvn.26, 4318 Sandnes. <a href="mailto:Ranveig.berheim@lyse.net">Ranveig.berheim@lyse.net</a>